



**Landbruk**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Nils Kvalvågnes

Kvalvågnes  
5956 HUNDVIN

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Nils Kaalaas

Vår ref.

2008/1665 - 0 -  
4193/2011

Telefon

56 37 56 31

Arkivkode:

84/4

Dato:

09.02.2011

## Søknad om bygging av landbruksveg gnr 84 bnr 4

Syner til brev innkome 21.04. 2010 om bygging av landbruksvei.

Først må eg beklaga at eg ikkje har fått sett på dette før, men i dag var ute i området i samband med eit anna gjeremål og då fekk eg meg ein tur ut i området.

Kommunen skal handsama slike søknader etter :”*Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål*” fastsett av Landbruksdepartementet (nå Landbruks- og matdepartementet) 20. desember 1996 med hjemmel i lov av 21. mai 1965 om skogbruk og skogvern (skogbruksloven) § 17a, jf. kgl.res. av 25. juni 1965 nr. 3368, og lov av 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 3 og § 11, jf. kgl.res. av 12. mai 1995 nr. 413.

**Endringer:** Endret ved forskrifter 7 juli 1997 nr. 780, 8 des 2003 nr. 1480, 27 nov 2009 nr. 1476.

### Kapittel 1. Innledende bestemmelser

#### § 1-1. Formål

Formålet med denne forskrift er å sikre at planlegging og bygging av veier for landbruksformål skjer på en måte som gir landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier knyttet til naturmiljø, landskap, kulturminner og friluftsliv, og andre interesser som blir berørt av veiframføringen.

#### § 1-2. Virkeområde

Denne forskrift omfatter nybygging og ombygging av veier for landbruksformål, jf. § 1-3. Forskriften gjelder også massetak langs veitraseen som er nødvendige i forbindelse med bygging og vedlikehold av det enkelte veianlegg.

Unntatt er opparbeidelse av oppstillingsplass for landbruksmaskiner til bruk på eiendommen, og enkle driftsveier som medfører bare ubetydelige terrenginngrep. Med ubetydelige terrenginngrep menes fylling eller planering over korte strekninger som ikke fører til mer enn 1 meter avvik fra opprinnelig terrengnivå. Unntatt er også veier som planlegges og bygges i områder der det er fastsatt særskilte regler for veibyging etter annet lov- og forskriftsverk.

Regler fastsatt i eller i medhold av plan- og bygningslovens § 77 om produkter til byggverk gjelder for produkter som benyttes til bygging og ombygging av landbruksveier etter denne forskrift.



Etter synfaringa ser eg at ei oppjustering av den eksisterande vegen fram til parkering/velteplass ikkje vil føra til noko nemnande inngrep. Vegen slik den er i dag er ikkje dårlegare enn vegen frå snuplassen på kommunal veg og fram til tunet ditt. Om vegen må utvidast på eit par mindre punkt så vil eg rekna det som vedlikehald på eksisterande veg.

Når det gjeld nyanlegg/skogsvegen så er skogresursane begrensa og det vil ikkje vera økonomi i bygging av ein normal traktorveg. Det som då er aktuelt, er å jamna litt og ta nokre mindre grøfter, slik at ein kan koma fram med traktor på frost og periodar med turrare vær. Etter forskrifta vil dette då ikkje vera eit søknadspliktig tiltak. Meinar du at tiltaket vil gå utover det som forskrifta seier om ikkje søknadspliktig tiltak, så får vi koma tilbake til det med ein ordinær søknad.

Med helsing



Nils Kaalaas

konstituert fagleiar landbruk